



FØRDE IL OG GAULAR IL LANGRENN INVITERER TIL KM OG SSF CUP SPRINT KLASSISK

Laurdag 24.01.26 kl. 12.00
Rennstad: Langeland Skisenter

Stilart: Klassisk

Informasjon om klassar, løypelengde og startkontingent (oppdatert 21.1.26)

Klassar	Løypelengde	Startkontingent
Gutar/ jenter 7 år og yngre	Ca 850 m prolog*	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 8 år	Ca 850 m prolog*	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 9 år	Ca 850 m prolog*	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 10 år	Ca 850 m prolog*	Kr. 130,-
Para gutar/ menn	Ca 850 m prolog*	Kr. 130,-
Para jenter/ kvinner	Ca 850 m prolog*	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 11 år	Prolog + 2 heat Kort løype ca 350 m	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 12 år	Prolog + 2 heat Kort løype ca 350 m	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 13 år	Prolog + 2 heat Løypelengde 700m	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 14 år	Prolog + 2 heat Løypelengde 700 m	Kr. 130,-
Gutar/ jenter 15 år	Prolog + 2 heat Løypelengde ca 850 m	Kr. 130,-
Gutar / jenter 16 år	Prolog + 2 heat Løypelengde ca 850 m	Kr. 130,-
Kvinner 17 år, 18 år, 19/20 år	Prolog + 2 heat Løypelengde ca 850 m	Kr. 150,-
Kvinner senior	Prolog + 2 heat Løypelengde ca 850 m	Kr. 170,-
Menn 17, 18, 19/20 år	Prolog + 2 heat Løypelengde ca 850 m	Kr. 150,-
Menn senior	Prolog + 2 heat Løypelengde ca 850 m	Kr. 170,-

* 10 år og yngre går ein gang med intervallstart, og har ikkje heat. Får premie ved målgang.



Gjennomføring og estimert program

- Kl. 12.00: Start prolog med intervallstart for alle klassar. 15 sekund startintervall i prolog. Merk at eldste klassar startar først (Menn senior) og yngste klassar til slutt (1-7 år)
- 10 år og yngre går prolog. 11 år og eldre går prolog + 2 heat.
- Ca kl. 13.00: Runde 1 med heat 11 år og eldre. Heatstart kvart femte minutt.
- Ca kl. 13.45: Runde 2 med heat 11 år og eldre. Heatstart kvart femte minutt.
- Som utgangspunkt blir heat delt klassevis og etter kjønn (J11 år, G11 år, J12 år osv), men klassene blir samanslått dersom det er for få deltakarar i kvar klasse. Då brukar vi som utgangspunkt følgande samanslåtte klassar og rangerer heat etter tid i prolog:
 - 11-12 år
 - 13-14 år
 - 15 år og eldre
- Det blir ikkje tatt tid i heat, men gitt poeng for plassering i heat. Plassering klassevis (ikkje samanslåtte klassar) etter poengsum når to heat er gjennomført.
- Ved lik poengsum etter heat vil den med best prologtid få best plassering.

Merk at tidsskjema er eit estimat og at oppsettet er eit utgangspunkt. Det kan bli justeringar ut frå kor mange påmelde på rennet. Detaljert tidsskjema og startliste blir publisert etter påmeldingsfrist.

Informasjon om gjennomføring

Startliste, tidsskjema og løypekart blir publisert på isonen.no.

Påmelding og tidtakarbrikker

Påmelding gjer ein via isonen.no innan torsdag 22. januar kl. 23.59.

Startkontingent betalar ein ved påmelding på isonen.no.

Arrangøren sine EMIT tidtakarbrikker skal brukast av **alle** deltakarar. Elles er det krav om skilisens i høve til gjeldande reglement.

Premiering

Premiering etter NSF gjeldande reglement. Deltakarpremie til alle.

Klassene 10 år og yngre får premie ved målgang.

Klassene 11 år og eldre har felles premieutdeling på bankett laurdag kl 16 i Førde.

Premiering frå Sogn og Fjordane Skikrins for KM i høve gjeldande reglement.

Parkering

For dei som ikkje har årskort gjeld følgande: Betalingsplikt blir utløyst ved parkering, dvs stopp meir enn 15 minutt, og blir styrt av kamera med skiltgjenkjenning ved innkøyringa.

Dagskort kr. 90,- betalast hos inpark.no



Kiosk og garderober

Open kiosk og garderober med dusj i Skihytta.

Arrangøren ynskjer velkommen til Langeland!

Førde IL Langrenn

Asgeir Årdal
Leiar

Gaular IL Langrenn

Bodil Ryste
Leiar